



Arkivnr: 2015/2163-109

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad, Stein Ottosen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016

Statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland – fordeling av ekstra midlar

Samandrag

Saka gjeld fordelinga av ekstra midlar frå Statsbudsjettet 2016, kap. 1429, post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Denne posten omfattar vern og sikring av freda bygningar i privat eige, kystkultur og kulturlandskap. Tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*. Meir informasjon om tilskotsordninga finn ein på fylkeskommunen si heimeside: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-freda-kulturminne-i-privat-eige-kulturmiljo-og-kulturlandskap/>

Riksantikvaren har gjennom revidert nasjonalbudsjett fått til disposisjon ubrukte midlar frå 2015 og har fordelt desse til fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 1 000 000,-. Riksantikvaren peikar særskilt på at noko av midlane kan brukast til skjøtsel på Havrå. Museumssenteret i Hordaland har ansvaret for skjøtselstiltak på delar av området. Her har det vist seg at arbeidet med skjøtsel, drift og forvaltning av Havrå i inneverande år vart meir krevjande enn ein hadde rekna med. Dette skuldast m.a. stor nedbør i sommarmånadene. Det vert difor føreslått å tildele kr 350 000,- til Museumssenteret for skjøtsel på Havrå. Resten av ekstraløyvinga går til istandsetting av freda bygningar i privat eige. I vurderinga er det lagt vekt på å støtta tiltak der behovet for midlar er stort og der det er stor forskjell mellom søknadssummen og beløpet som vart gitt i vår. Vidare er det lagt vekt på gjennomføringsevne: at prosjekta er starta, slik at midlane raskt kan komma til nytte. På bakgrunn av dette vert det føreslått kr 225 000,- til Reperbane Fjøsanger, Gerdt Meyer Brun AS; kr. 200 000 til Slettebakken hovedgård, Eiut AS; og kr. 225 000,- til Meisterhuset, Sandviken, Sandviksveien 60 og 62.

Det er ein føresetnad at tildeling av midlar frå Statsbudsjettet skal knytast til konkrete tiltak. Det vert då naudsynt å definera kva for delar av søknadene tildelinga skal dekkja, noko som må skje i samråd med tiltakshavarane. Det vert difor føreslått at administrasjonen får fullmakt til å spesifisera nærare kva for delar av dei omsøkte tiltaka som ekstraløyvinga skal gå til.

Forslag til vedtak

1. KIRU fordeler kr. 1 000 000,- til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap frå budsjettpost 400.650.07 slik:

Nr	Kommune	Tiltak og tiltakshavar	Tildeling frå ekstraløyving
30	Osterøy	Skjøtsel Havrå, Museumssenteret i Hordaland	350 000
3	Bergen	Reperbane Fjøsanger, Gerdt Meyer Brun AS	225 000

12	Bergen	Slettebakken hovedgård, Eiut AS	200 000
16	Bergen	Meisterhuset Sandviken, Sandviksveien 60 og 62	225 000

2. Administrasjonen får fullmakt til å spesifisera nærare kva for delar av dei omsøkte tiltaka som ekstraløyinga skal gå til.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Tildelingsbrev ekstramidlar frå Riksantikvaren
- 2 Omtale og vurdering av søknadene

Fylkesrådmannen, 21.11.2016

Saka gjeld fordelinga av ekstra midlar frå Statsbudsjettet 2016, kap. 1429, post 71 *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap*. Denne posten omfattar vern og sikring av freda bygningar i privat eige, kystkultur og kulturlandskap. Tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*. Meir informasjon om tilskotsordninga finn ein på fylkeskommunen si heimeside: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-freda-kulturminne-i-privat-eige-kulturmiljo-og-kulturlandskap/>

I 2016 fekk Hordaland fylkeskommune ei ordinær tildeling på kr 6 500 000,- samt førehandstilsegn for 2017 på kr 3 000 000,-. Midlane vart fordelt av KIRU i møte 13. april 2016 (saknr. PS 54/2016). Gjennom revidert nasjonalbudsjett har Riksantikvaren fått til disposisjon ubrukte midlar frå 2015. Dei har fordelt desse til fylkeskommunar der behovet er stort for tilskot til freda bygningar i privat eige, og der det er større etterslep på tilstandsregistrering. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 1 000 000,-. Midlane skal primært gå til istandsetting av freda bygningar i privat eige, men Riksantikvaren opnar òg for at noko av midlane kan brukast til oppdatering av tilstandsgrad på freda bygningar, og til skjøtsel på Havrå.

Riksantikvaren har dei seinare åra skjerpa krava til at freda bygg i privat eige skal vera tilstandsregistrert i kulturminnedatabasen Askeladden, og at tilstandsgraden skal oppdaterast både før tildeling av offentlege tilskot, og etter at istandsetting er utført. På den måten kan effekten av tilskotsmidlane synleggjerast betre. Administrasjonen har utarbeidd eit system for å halda god oversikt over tilstandsgraden og behovet for oppdaterte tilstandsvurderingar, og fleire av dei tilsette hjå Fylkeskonservatoren har dette som ein del av sine arbeidsoppgåver. Ein ser det ikkje naudsynt å nytta delar av ekstraløyvinga til dette.

Havrå kulturmiljø omfattar heile gardsområdet med tun, inn- og utmark, i alt ca. 2000 dekar. Museumssenteret i Hordaland har ansvaret for skjøtsel på delar av området. Dei søkte om kr. 1 890 000,- til skjøtsel, drift og forvaltning på Havrå for 2016, og fikk tildelt kr. 1 500 000,-. I saka som var til handsaming den 13. april i KIRU vart det opna for å gi meir midlar til arbeidet seinare på året: «Vi har i tildelinga foreslått å løyve kr. 1.500.000 til Havrátunet. Dette er ei nedgang frå i fjor, men vi har opna for at nokre av midlane som er sett av til prosjektleiing kan nyttast til skjøtselstiltak på Havrå.» I ettertid har det vist seg at arbeidet med skjøtsel, drift og forvaltning av Havrå vart meir krevjande enn ein hadde rekna med. Museumssenteret har fått ansvar for større slátteareal, og folk som vart hyra inn, fekk utretta lite grunna mykje nedbør i sommarmånadene. Rekneskapan for skjøtsel viser ei manglande dekning på kr. 478 397,-. Administrasjonen rår til at kr. 350 000,- av ekstraløyvinga vert nytta til dette. Med dette har Museumssenteret samla fått kr. 1 850 000,- til skjøtselstiltak på Havrå, ei auke på kr 120 000,- i høve til 2015.

Av ekstraløyvinga står det då att kr 650 000,- som kan gå til istandsetting av freda bygningar i privat eige. Desse kan fordelast mellom dei som søkte om midlar for 2016. Det kom inn 34 søknader, og av dei vart 25 innvilga heilt eller delvis. I vurderinga av kven som skal få del i ekstramidlane, er det lagt vekt på å støtta tiltak der behovet for midlar er stort og der det er stor forskjell mellom søknadssummen og beløpet som vart gitt i vår. Vidare er det lagt vekt på at prosjekta er i gang, slik at midlane raskt kan komma til nytte. På bakgrunn av dette vert det foreslått følgjande fordeling:

Nr	Kommune	Tiltak og tiltakshavar	Tildeling frå ekstraløyving
3	Bergen	Reperbane Fjøsanger, Gerdt Meyer Brun AS	225 000
12	Bergen	Slettebakken hovedgård, Eiut AS	200 000
16	Bergen	Meisterhuset, Sandviken, Sandviksveien 60 og 62	225 000

For nærare skildring og vurdering av tiltaka viser me til den vedlagte omtalen av søknadene, høvesvis s. 33, 24 og 20.

Det er ein føresetnad at tildeling av midlar frå Statsbudsjettet skal knytast til konkrete tiltak. Sidan tilskotet ikkje dekkjer heile søknadssummen i desse prosjekta, korkje isolert sett eller lagt saman med den ordinære

løyvinga frå i vår, vert det naudsynt å definera kva for delar av søknadene tildelinga skal dekkja. Her må det m.a. takast omsyn til kor langt arbeidet har kome og kva som vil vera det mest praktiske neste steget. Dette må skje i samråd med tiltakshavarane. Det vert difor føreslått at administrasjonen får fullmakt til å spesifisera nærare kva for delar av dei omsøkte tiltaka som ekstraløyvinga skal gå til.